

Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep  
0032 OSLO

Sakshandsamar: Monika Haugland  
Telefon: 47361926  
Seksjon: Kyst- og havbruksavdelingen  
Vår referanse: 14/12304  
Dykkar referanse: 14/7918-43  
Vår dato: 20.01.2015  
Dykkar dato: 22.12.2014

Att: Brit Tørud

## TILLEGGSHØRING - FORSKRIFT OM FELLESANSVAR FOR REDUKSJON AV RØMT OPPDRETTSFISK

Vi viser til brev sendt fra departementet 22.12.2014 om tilleggshøyring til forskrift om fellesansvar for reduksjon av rømt oppdrettsfisk. Endringa i § 7 vil etter vårt syn gjøre at forskrifta blir betre egna for å oppfylle føremålet, nemleg å redusere påverknaden på ville bestandar av laksefisk.

I høyringssvaret til forskrifta uttrykte Fiskeridirektoratet at vi er positiv til ei ordning der alle innehavarar av løyve til akvakultur med laks, aure og regnbogeaure skal vere med å betale for uttak av rømt fisk. Det er eit tydeleg behov for meir systematisk planlegging og operasjonalisering av tiltak for å redusere påverknaden på bestandar av villaks. Forslaget til forskrift er lagt opp slik at samanslutninga skal planlegge og organisere utfiske basert på kunnskap levert av det nasjonale overvakingsprogrammet.

I tilleggshøyringa vert det foreslått eit nytt ledd i § 7 om samanslutninga sitt økonomiske ansvar: «*Samanslutninga skal dekkje utgifter Fiskeridirektoratet har til tiltak ved akutte hendingar i dei høve ein ikkje med overvekt av sannsyn kan identifisere kjelda (kjeldene) til den rømte fisken. Dette gjeld i sjø og elver, uavhengig av om elva er dekt av styresmaktenes overvakingsprogram.*»

Fiskeridirektoratet tok i sitt første høyringssvar opp ansvaret vi har for å handtere akutte rømmingshendingar og utfordringa med å dekkje utgifter til tiltak dersom kjelda er ukjent. Vi peikte også på at slike situasjonar kan krevje tiltak i område som ikkje er del av det nasjonale overvakingsprogrammet.

Slik vi ser det vil endringa i § 7 løyse denne utfordringa og gjere at forskrifta blir betre egna til å oppfylle føremålet som er å redusere påverknaden på ville bestandar av laksefisk.

Med helsing

Jens Christian Holm  
direktør

Henrik Hareide  
seniorrådgiver

**Mottakarliste:**

Nærings- og fiskeridepartementet Postboks 8090 Dep 0032 OSLO